

Periode:	April og mai 2021
Utgangspunkt i rammeplanen:	<p>Berekraftig utvikling (s 10) Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gje omsorg og ta vare på omgjevnadane og naturen.</p> <p>Nærmiljø og samfunn (s 55-57) Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.</p> <p>Natur, miljø og teknologi (s 52) Barnehagen skal bidra til at barna får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen.</p>
Hovudmål:	<ul style="list-style-type: none"> • gje barna kunnskap om sitt eige nærrområde, og korleis naturen utviklar seg i nærmiljøet vårt • gje barna kunnskap om bakgrunn for Norge sin nasjonaldag • skape interesse for og bidra til forståing og toleranse for forskjellige kulturar og ulike måtar å leve på • skape forståing og tryggleik knytt til situasjonar i samfunnet som pregar barna sin kvardag
Delmål:	<ul style="list-style-type: none"> • barna skal få opplevingar knytt til noko av det som er typisk for byen vår og området rundt, og lære å ta omsyn til naturen i samsvar med verdiar om berekraftig utvikling • barna skal få innblikk i 17. maitradisjonar, kvifor vi feirar 17. mai og kva demokrati er • barna skal få delta i og glede seg over tradisjonelle 17. maitradisjonar som det truleg blir lite av i årets 17. maifeiring pga smittevern • gje barna kunnskap om dei ulike land og kulturar som barn på avdelinga har tilknytning til • gje barna kunnskap om korona og korleis det påverkar byen, landet og miljøet, skape tryggleik for barna med fokus på det positive, kva vi får til saman og at «alt vil bli bra», hjelpe barna å forstå kvifor vi må ha dei smitteverntiltaka som påverkar barna sin kvardag
Aktuelle aktivitetar: (avdelingane vel aktivitetar tilpassa barnegruppa innanfor kvart av dei tre hovudområda)	<p>Nærmiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> • turar til kjende bygningar el stadar i Førde • lære om natur og typiske vårteikn i og rundt byen vår; t.d. stokkender i Løken, måkar ved det tidlegare skipsverftet, kvitveis i grøftekanten, sauer og lam på beite • lære barna å ta omsyn til dyr, insekt og plantar, lage kompost, sortere søpla vår • fortelje om kommunen vår, sjå på bilete av ordførar, kommunevåpen, gå på tur og sjå på rådhuset, snakke om verdiane og visjon til Sunnfjord kommune og kva desse betyr for oss «Saman blir vi drivande gode», Sunnfjordsongen <p>17. mai:</p> <ul style="list-style-type: none"> • syngje 17. mai songar: «Ja vi elsker», «17. maisang for de små», «Hurra for Norge» • formidle om 17. mai; fortelje, lese, dramatisere; nytte «17. maiboka» «Karsten og

Petra hilser på kongen» m.fl.

- fortelje om kva demokrati er, og undre seg over omgrepa demokrati og medbestemming vs å bestemme
- lære 17. mairopet og Ytre Hafstad barnehage sin song
- barnedugnad; rydde på leikeplassen og utanfor gjerdet før 17. mai, pynte barnehagen til 17.mai
- snakke om kva som blir annleis med 17. mai i år p.g.a. smittevern og korleis vi kan feire og glede oss over denne dagen på andre måtar
- 17. mai markering 18. mai: markering ute i samarbeidskohort. Vi går i tog bak fana, syng, har hurra-rop og tar med flagg. 17. mai-leikar på uteplassen m.m.

Mangfald:

- informasjon om land/kultur som barn på avdelinga har tilknytning til. Velje aktivitetar i dialog med foreldre. Aktuelle aktivitetar: Bruk av globus, kart og flagg. Lære å telje til 10, og enkle ord på dei ulike språka som er representert på avdelinga. Fortelje eventyr frå dei land som barna har tilknytning til. Vise bilde frå natur, informasjon om klima. Lage matrettar typisk for landet/kulturen. Lytte til musikk typisk for landet/kulturen.
- informasjon og markering av Eid al-Fitr på aktuelle avdelingar

Korona-viruset:

- sjå film på bufdir.no om korona
- snakke med barna om:
 - kva korona er og kva vi alle kan gjere for å redusere smitte
 - smittevernreglar, kvifor vi må ha slike reglar i denne tida
 - kor heldige vi er som bur i Norge og Sunnfjord i denne tida
 - alt vi kan glede oss over at vi kan/«har lov til» å gjere